



# Innkalling av Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 31.08.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til [https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/Klikk her for å skrive inn tekst](https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/Klikk%20her%20for%20%C3%A5%20skrive%20inn%20tekst).

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Møtet er på Teams.

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>   |
|--------------|---|
| 020/21       | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| 021/21       | Godkjenning av møteprotokoll 08.06.2021   |
| 022/21       | Søknad om skjenkeløyve - Sletta Landhandleri AS   |
| 023/21       | Overføring av ansvar for arbeidskjøring av TT-brukarar frå fylkeskommunen til kommunane |
| 024/21       | Meldingar til utval for helse og omsorg 31.08.2021                                      |

24. august 2021

Ståle Juvik Hauge  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.08.2021

Saksframlegg

| <b>Saksnr.</b> | <b>Utval</b>              | <b>Møtedato</b> |
|----------------|---------------------------|-----------------|
| 020/21         | Utval for helse og omsorg | 31.08.2021      |

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 06.07.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval                     | Møtedato   |
|---------|---------------------------|------------|
| 021/21  | Utval for helse og omsorg | 31.08.2021 |

## Godkjenning av møteprotokoll 08.06.2021

Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg i saka:

09.06.2021      Protokoll - Utval for helse og omsorg - 08.06.2021      1570508



## Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 08.06.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 12:00 - 14:30

| <b>Frammøtte medlemmer</b> | <b>Parti</b> | <b>Rolle</b> |
|----------------------------|--------------|--------------|
| Ståle Juvik Hauge          | AP           | Utvalsleiar  |
| Kirsti Gjetle Floen        | AP           | Medlem       |
| May-Irene Wergeland        | SP           | Nestleiar    |
| Sølvi Gripsgård Knudsen    | SP           | Medlem       |
| Else Marie Skartveit Dale  | KRF          | Medlem       |
| Roy Bø                     | UAVH         | Medlem       |
| Thore Helland              | UAVH         | Medlem       |

| <b>Forfall meldt frå medlem:</b> | <b>Parti</b> | <b>Rolle</b> |
|----------------------------------|--------------|--------------|
| Hendrik Weber                    | R            | Medlem       |

| <b>Frammøtte varamedlemmer:</b> | <b>Parti</b> | <b>Erstatter medlem</b> |
|---------------------------------|--------------|-------------------------|
| Alexander Helle                 | R            | Hendrik Weber - R       |

---

### **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Leni Dale-kommunalsjef, Helge Kvam-fagansvarleg  
helse og omsorg adm., Arthur Kleiveland-møtesekretær

---

Orientering om kvalifiseringprogrammet i NAV (KVP) v/Inger Lise Brekke  
avdelingsleiar NAV Arbeidsliv, Cecilie W.Moberg-rådgjevar NAV og Tone Synnevåg-  
rådgjevar NAV.

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>                           |
|--------------|---|
| 017/21       | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| 018/21       | Godkjenning av møteprotokoll 20.04.2021 |
| 019/21       | Meldingar til utval for helse og omsorg |

## **017/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Utval for helse og omsorg 08.06.2021:**

### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

**HO- 017/21 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **018/21: Godkjenning av møteprotokoll 20.04.2021**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Utval for helse og omsorg 08.06.2021:**

### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes møteprotokoll for 20.04.2021.

**HO- 018/21 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **019/21: Meldingar til utval for helse og omsorg**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

**Utval for helse og omsorg 08.06.2021:**

### **Behandling:**

- Orientering om kvalifiseringsprogrammet (KVP) v/Inger Lise Brekke-avdelingsleiar NAV Arbeidsliv, Cecilie W.Moberg-rådgjevar NAV og Tone Synnevåg-rådgjevar NAV.
- Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressuseffektiv drift i sektor HO – orientering om framdrift og milepel v/prosjektleiar Helge Kvam

Utvalet tok meldingar/orienteringar til orientering.

**HO- 019/21 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-U63  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 12.07.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval                     | Møtedato   |
|---------|---------------------------|------------|
| 022/21  | Utval for helse og omsorg | 31.08.2021 |

## Søknad om skjenkeløyve - Sletta Landhandleri AS

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Alkoholpolitisk plan for Alver kommune punkt 8.2 første kulepunkt og alkoholloven § 1- 7 a og g vert søknad om skjenkeløyve ikkje innvilga.

Grunngjeving: Alkoholpolitisk plan for Alver kommune punkt 8.2 første kulepunkt:

Skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar:

- Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiar med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.

Sjølv om konseptet ikkje er spesielt retta mot denne gruppa, vil ungdom og familiar med mindreårige utgjera ein stor andel.

Lokalene vert vurdert som «samme lokale» etter alkohollova §1-7 g

### Klage:

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker etter at brevet er motteke. Klageinstansen er Statsforvaltaren i Vestland. Ein evt. klage sendes Alver kommune.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg,

### Bakgrunn

Sletta Landhandleri AS fekk innvilga 19.09.19 serveringsløyve for kafe/ konditori verksemd i lokaler i tilknytning til butikklokaler i Hellandsvegen 521, 5939 Sletta. I søknad, datert 15.06.21, søker dei om skjenkeløyve i serveringslokalene inne og for eit avgrensa uteområde som det no er også søkt serveringsløyve på.

Det er søkt om skjenkeløyve, i butikken si opningstid, for alkoholhaldig drikk lågare enn 22 %. I dag har butikken opningstid frå 10.00-20.00 mandag-lørdag og 10.00 til 18.00 søndager, men dei vurderer fortløpande om det er behov for å utvida opningstida i sumar månadane til kl. 23.00.

Areal inne er godkjent for 30 sittjeplassar og ute er det 45 sittjeplassar

I søknaden skriv dei mellom anna:

*«Me ser tiltaket som eit viktig virkemiddel for å oppretthalde drifta ved Landhandleriet, samt som eit ledd i å tilby eit godt produkt til turister og lokale.*

*Sletta Landhandleri AS har ein profil som ynskjer å fremja kundar i alle aldre, lokalbefolkning og tilreisande.*

*Det er forventet at eit serveringsløyve ikkje vil vera til hinder for, men snarare fremme bredden i kundegruppa.»*

Dei serverer pizza, andre smårettar og tradisjonell norsk mat(kjøttkaker, raspekaker etc.)

Styrrar for skjenkeløyvet er Malin Blindheim og avløyssar er Rebecca Bjørsvik. Begge har bestått kunnskapsprøven i alkoholova.

Søknaden har vært til uttale hjå politiet, NAV, Alver og skatteetaten. Ingen av desse har merknader til søknaden.

#### **Saksopplysninger:**

Serveringsløyve på uteareal er innvilga.

Før skjenkeløyve kan gjevast må søknaden vurderast i forhold til Alkoholpolitisk plan for Alver kommune der det står i punkt 8.2 første kulepunkt

Skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar:

- Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/ eller familiar med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.

Søkjær skriv at søknad om skjenkeløyve er eit viktig virkemiddel for å oppretthalda drifta ved Landhandleriet, samt som eit ledd i å tilby eit godt produkt til turister og lokale.

Sletta Landhandleri AS har ein profil som ynskjer å fremna kundar i alle aldre, lokalbefolkning og tilreisande.

Alkoholova set vilkår som må vera innfridd før løyvet kan gjevast. Når desse vilkåra er innfridd er det opp til kommunen, etter fritt skjønn, å avgjera om løyvet skal gjevast, alkoholova §1–7a.

Kommunen kan setja vilkår for å gje skjenkeløyve, men desse må vera i samsvar forvaltningsmessige reglar. Vilkår må ha sakleg samanheng med skjenkeløyvet; f.eks. fremja føremålet med alkoholova, letta kontrollen med utøvinga av løyvet eller redusera skadeverknadene av skjenking av alkohol.

Dersom det vert gitt løyve må ein ta stilling til kva vilkår som skal gjelda for å sikre godt nok skilje mellom sal og skjenking, og med utøving og kontroll med sal og skjenking.

Som hovudregel kan ein ikkje gje skjenkeløyve til lokaler der det allereie ligg føre eit salsløyve, alkoholova §1–7 g

I kommentaren til lova skriv Helsedirektoratet

*Med begrepet "samme lokale" menes her samme areal, slik at arealet for salg og skjenking ikke kan overlappe. Loven stiller ikke konkrete krav for hva som skal til for at to eller flere arealer ikke er å anse som del av "samme lokale", verken i form av krav til fysiske skiller eller areal mellom områdene. Kommunen må foreta en konkret vurdering i hver enkelt sak. Kommunen må vurdere om muligheten til å foreta en tilfredsstillende kontroll er tilstrekkelig ivaretatt.*

Arealet inne det er søkt skjenkeløyvet til har same inngangdør som til butikken(salsareal), men skjenkearealet overlappar ikkje salsarealet, det er to separate lokaler.

Når søkjær skriv at dei vil settje opp eit eige kassepunkt i eige område inne i butikken der det kan bestillast/kjøpe alkohol for servering og andre kafe/kioskvarer, må det vurderast om dette skal sjåast på som «samme lokale»

Sal og skjenkeløyve har ulike avgiftsatsar for alkoholgebyr. Det må vera tydeleg i kassesystemet kva som er sal og kva som er servering/skjenking. Det må sikkrast at kundar ikkje får kjøpe alkohol i butikken for å ta med seg



til serverings/skjenkeareal. Personalet må til ei kvar tid ha tilsyn med skjenkeareal både inne og ute.

Søkjjar har gjort greie for dette i søknad. (vedlegg 1)

Konseptet er eit tilbod som kan skape aktivitet og arbeidsplassar i bygda, men samstundes vil det auka tilgangen på alkohol.

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune (vedlegg 2) punkt 8 omhandlar retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol.

Rådmannen legg til grunn punkt 8.2 første kulepunkt og alkohollova §1- 7a og g i vurdering av søknaden. Søknaden vert ikkje tilrådd innvilga.

**Vedlegg i saka:**

|            |  |         |
|------------|--|---------|
| 23.08.2021 | Søknad om skjenkeløyve Sletta Landhandleri - vedlegg 1 | 1596113 |
| 23.08.2021 | Alkoholpolitisk plan for Alver kommune - vedlegg 2     | 1596114 |
| 23.08.2021 | Tegninger - vedlegg 3                                  | 1598988 |



# SLETTA Landhandleri

ALVER kommune

Rådhuset

5914 Isdalstø

## Søknad om skjenkeløyve

Vi vil med dette søkje om skjenkeløyve for eit avgrensa område på plassen utanfor, og på avgrensa kafeområde inne i lokalene til Sletta Landhandleri AS.

Me ser tiltaket som eit viktig virkemiddel for å oppretthalde drifta ved Landhandleriet, samt som eit ledd i å tilby eit godt produkt til turister og lokale.

Sletta Landhandleri AS har ein profil som ynskjer å fremna kundar i alle aldre, lokalbefolkning og tilreisande. Det er forventa at eit serveringløyve ikkje vil vera til hinder for, men snarare fremme bredden i kundegruppa.

Me gjer merksam på at verksemda også har salgsløyve for alkohol i butikk. Me vil difor informere om tiltak som skal sikre gode fysiske skille mellom dei to løyva, sikre at regelverk fyljes samt korrekt avgiftshåndtering / rapportering. Det er naturleg at det i tråd med gjeldande regelverk, og som for sal av alkohol innføres gode internkontrollrutiner for servering av alkohol.

## Innhold

|       |   |   |
|-------|---|---|
| 1     | Åpningstid / skjenketid .....   | 2 |
| 2     | Fysisk avgrensning av område for servering:.....  | 2 |
| 3     | Sikre at det ikkje vert drukke medbrakt alkohol på området:.....                                  | 2 |
| 3.1   | All alkohol skal serveres av personale inne på det avgrensa området.....                          | 2 |
| 3.2   | Sikre at medbrakt ikkje nytes på område.....  | 2 |
| 3.2.1 | Alkohol skal ikkje serveres/drikkes frå original emballasje på område med serveringsbevilgning. . | 2 |
| 3.2.2 | Det skal ikkje være tillat å oppbevare eigen alkohol inne på området.....                         | 2 |
| 3.2.3 | Personale skal ha jevnlig tilsyn med område.....  | 2 |
| 4     | Sikre korrekt avgiftsrapportering: .....  | 3 |
| 4.1   | Enheter solgt for servering skal ha eigne artikkelnummer. ....                                    | 3 |
| 4.2   | Fysisk adskillelse av salg ved bruk av eige kassapunkt for salg av alkohol for servering.....     | 3 |
| 5     | Bevilgning, Styrer og stedfortreder .....   | 3 |
| 6     | Internkontroll .....  | 3 |



# SLETTA

## Landhandleri

### 1 Åpningstid / skjenketid

Servering vil kun pågå i butikkens åpningstid.

Pr i dag har butikken åpningstid frå 10:00-20:00 mandag-lørdag og 10:00 til 18:00 søndager, men det vert fortløpande vurdert om det er behov for å utvide åpningstid i sumarmånadane til kl. 23:00. Dvs. at servering også på det lengste vil foregå til kl. 23:00.

### 2 Fysisk avgrensning av område for servering:

Område utanfor butikk skal fysisk avgrensast med gjerde, og det skal merkast tydeleg at det kun er lov å nyte alkohol innanfor dette område. Det samme gjelde kafelokalet inne i butikken som blir tydelig avgransa.

### 3 Sikre at det ikkje vert drukke medbrakt alkohol på området:

#### 3.1 All alkohol skal serveres av personale inne på det avgrensa området.

Personale skal bære enhet frå salgslokale og ut på det avgrensa område, der det serveres kunde. Dvs. enhet skal *kun* vera fysisk disponibel for kunden inne på område med serveringsbevilgning.

#### 3.2 Sikre at medbrakt ikkje nytes på område.

For å sikre at medbrakt ikkje nytes på område, må fyljane tiltak gjennomførast;

##### 3.2.1 Alkohol skal ikkje serveres/drikkes frå original emballasje på område med serveringsbevilgning.

Personale skal inne i salgslokale slå alkohol over i egna glass, før dei vert disponible for kunden som beskrevet i punkt 3.1

##### 3.2.2 Det skal ikkje være tillat å oppbevare eigen alkohol inne på området.

F.eks. kan alkohol kjøpt i butikk, eller medbrakt på anna vis, ikkje oppbevares inne på område for servering.

##### 3.2.3 Personale skal ha jevnlig tilsyn med område.

- Fysisk ved kontakt med gjestene på området.
- Via vindu i butikk med utsyn mot terrasse.
- Dersom det skulle verta behov for dette, kan det setjast opp kamra over område for å betre personalets kontroll over område. Ei slik overvåkning vil måtte fylje gjeldande regelverk.



# SLETTA Landhandleri

## 4 Sikre korrekt avgiftsrapportering:

### 4.1 Enheter solgt for servering skal ha egne artikkelnummer.

Artikkelnummer vil gi informasjon om solgte enheter og kvantum pr. enhet. Kassasystem vil då kunne produsere rapporter for videre rapportering til kommune for korrekt avgiftshåndtering.

### 4.2 Fysisk adskillelse av salg ved bruk av egne kassapunkt for salg av alkohol for servering.

For dobbelt sikring, vil ein i butikken setje opp egne kassapunkt i egne område der ein kan bestille og kjøpe alkohol for servering. Dette kassapunktet skal ikkje kunne nyttast for ordinert butikk salg av alkohol, men det kan være hensiktsmessig at ein kan bruke dette kassapunktet også til salg av kafe / kioskvarer.

## 5 Bevilgning, Styrer og stedfortreder

Bevilgningshaver  
Sletta Landhandleri AS

Styrer av salgsbevilgning  
Malind Blindheim (050596 [redacted]) som har bestått kunnskapsprøven

Stedfortreder  
Rebecca Bjørsvik (060591 [redacted]) som har bestått kunnskapsprøven

## 6 Internkontroll

For å sikre korrekt håndtering av servering og korrekt avgifts håndtering skal det innføres gode IK rutiner inkludert god opplæring av personale. Det er i dag i bruk IK-MAT og bedriften følger rutiner og retningslinjer for Trygg mat internkontroll og HACCP

- De ansatte har daglige rutiner som gjennomføres ihht lister som avsjekkas regelmessig.
- Det er rutiner for opplæring av nye ansatte.



# SLETTA Landhandleri

IK rutinene til Sletta Landhandleri inneholder i tillegg følgende:

|   |
|---|
| Branninstruks   |
| Organisasjonskart og kontaktinformasjon   |
| Bevilgningsdokumenter   |
| IK-rutiner: Åpne- og stengeskjema   |
| IK-rutiner: Temperaturregistrering fast inventar og utstyr  |
| Avviksskjema  |
| Rutiner dagsoppgjør<br>Rutiner svinn<br>Signert skjema for at interkontrollperm er lest og forstått av alle ansatte |
| Alkoholoven og tobakkskadeloven   |
| Retningslinjer for tildeling av salgs- og skjenkebevilling fra kommunen   |
| Kopi av kontrollrapporter etter kontroll  |
| Diverse/korrespondanse  |
| Ansvarlig vertskap, kursbevis (kopi), forsikringspapirer, etc.  |
| Rutiner samt forskrifter om salg av reseptfrie legemidler i butikk  |



**ALVER**  
KOMMUNE

# Alkoholpolitisk plan

2020-2024





## Innhald

|   |          |
|---|----------|
| <b>DEL I - Innleiing/formål.....</b>  | <b>2</b> |
| 1. Delegering .....   | 3        |
| 2. Løyveperiodar og løyvetypar.....   | 3        |
| 3. Definisjonar.....  | 3        |
| 4. Salsløyve .....  | 4        |
| 5. Salsløyve for Vinmonopol .....   | 4        |
| 6. Skjenkeløyve.....  | 4        |
| 7. Gebyr .....  | 5        |
| 8. Retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol ..... | 5        |
| 9. Serveringsløyve. ....  | 6        |
| <br>  |          |
| <b>DEL II - Retningsliner for behandling av alkoholsaker .....</b>                      | <b>7</b> |
| Vilkår for løyve.....   | 7        |
| <br>  |          |
| <b>Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune.....</b>      | <b>8</b> |
| Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk .....  | 8        |
| Alminnelege skjenketider .....  | 8        |
| Opningstider. ....  | 8        |



## DEL I - Innleiing/formål

Kommunen er gjennom [Lov av 2.juni 1989 nr. 27 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.](#) (alkohollova) pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk plan. Planen skal vedtakast av kommunestyret ved starten av kvar valperiode og gjelde for 4 år av gongen. Alkohollova gjev kommunane ansvar for tildeling av sals- og skjenkeløyve og for å føre kontroll med og setje i verk sanksjonar mot sals- og skjenkestadane ved eventuelle avvik. All omsetning av alkoholholdig drikk krev løyve.

Kommunen skal ivareta helse- og sosialpolitiske omsyn på best mogleg måte, samstundes som det er viktig å ivareta næringspolitiske omsyn. Den alkoholpolitiske planen skal gje rammer for behandling av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande ei oversikt over kva som blir lagt til grunn ved behandling i slike saker.

Kommunen sine lokale retningslinjer og regulering av sals- og skjenkereglar er viktige verkemiddel for å avgrense alkoholrelaterte skadar.

### Alkohollova sitt formål :

*1-1 «Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd idette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer .»*

### Folkehelselova sitt formål:

*§ 1 «Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse , trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.*

*Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte.*

*Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»*





## 1. Delegering

- Kommunestyret skal vedta alkoholpolitisk plan - jfr alkohollova § 1-7d
- Kommunestyret delegerer til Utval for helse og omsorg å gjere vedtak om sals- og skjenkeløyve i løyveperioden – alkohollova § 1- 7.
- Kommunestyret delegerer til Utval for Helse og omsorg å vedta inndraging av sals- og skjenkeløyve - alkohollova § 1-8
- Utval for Helse og omsorg er klageorgan for saker delegert tilrådmannen.

Rådmannen er delegert mynde til å ta avgjerd i følgjande saker:

- Godkjenne skifte av styrar og avløyser ved eksisterande sals- og skjenkeløyve (alkohollova § 1-7c).
- Avgjere søknader om utviding av skjenkearealet for faste løyver for ein enkelt anledning (alkohollova § 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve for slutta lag (alkohollova § 4-5).
- Avgjere søknader om alminneleg løyve til ein enkelt anledning og til ein avgrensa periode på 10 dagar (Alkohollova § 1- 6).
- Fatte enkeltvedtak om tildeling av prikkar og om inndraging av løyve ved brot på alkohollova. Prikktildeling er regulert i alkoholforskrifta (§ 10-2 til § 10 -6).

## 2. Løyveperiodar og løyvetypar

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkohollova § 1- 6) .

Kommunen kan tildele to hovudtypar løyve - skjenkeløyve og salsløyve.

## 3. Definisjoner

- a. Ambulerande løyve - løyve til ein enkelt anledning kun for slutta lag / selskap.
- b. Einskild løyve - løyve må vera knytt til ein enkelt bestemt anledning og kan gjevast til eit ope arrangement eller til slutta lag. Løyvet kan også bli gitt for ein avgrensa periode / sesong.
- c. Slutta lag meiner ein at det før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Selskapet er ikkje ope for utanforståande.
- d. Sal: Med sal forstå ein overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden.
- e. Skjenking: Med skjenking forstå ein sal av drikking på eit avgrensa og godkjent skjenkeområde.
- f. Alkoholfri drikk: Drikk som inneheld under 0.7 volumprosent alkohol.
- g. Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol.
- h. Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol



- i. Alkoholholdig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4.7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- j. Alkoholholdig drikk gruppe 3: Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

#### **4. Salsløyve**

Med salsløyve meiner ein sal av alkoholholdig drikk gruppe I i daglegvarebutikk og/eller nettsal I. For nettsal må ein ha løyve i den enkelte kommune ein skal levere ut alkoholholdig drikk. Med daglegvareforretningar meiner vi forretningar med følgjande daglegvarer:

*"Som daglegevarer reknast matvarer og andre nærings- og nytingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarer av papir, plast, reinse- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, bone-, reinse- og pussemidlar. Forretninga må ha eit matvare-tilbod som er klart breiare enn dei tradisjonelle kioskar"*

Salsløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 kan ikkje bli gitt til bensinstasjonar og kioskar. <https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§3-4> spesielle tilfelle kan det bli gjort unntak frå retningslinjene - dersom det er tenleg ut frå ei heilskapsvurdering.

#### **5. Salsløyve for Vinmonopol**

I medhold av alkohollova §3-3 godkjenner kommunen utsalsstadar for A/S Vinmonopolet.

#### **6. Skjenkeløyve**

##### **6.1 Alminneleg løyve (alkohollova § 1-6)**

Alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert tildelt skjenkestader med liten eller ingen matservering. Dette gjeld også for hotell, selskapslokale og spisestadar.

Skjenkeløyve for alkoholholdig drikk kan bli gitt til person over 20 år eller til ei juridisk eining som må påreknast ikkje å ville misbruke løyve (alkohollova § 1-7b og c).

Alle stader med skjenkeløyve skal ved synleg plassert skilting opplyse om aldersgrensa ved staden.

##### **6.2 Einskildløyve (alkohollova § 1-6)**

Løyve til eit enkelt, bestemt arrangement som ikkje er omfatta av fastløyve kan bli gitt etter ei særskild vurdering. (alkohollova§§ 1-7a b). Løyve er tids- og stadavgrensa.

Vedtatt av kommunestyret, 25. juni 2020



### 6.3 Ambulerande løyve (alkoholova §4-5)

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag. Arrangement i regi av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag.

Det er ikkje krav om skjenkeløyve i samband med private arrangement som bryllaup , åremål, jubileum og liknande så sant det ikkje vert teke betalt for drikke og huseigar berre leiger ut lokale til arrangement (alkoholova § 4-5 ).

### 6.4 Vilkår for skjenking på uteareal

- Løyvet vert gitt til eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og brannrømningsveggar.
- Det er ikkje tillatt med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/ høgtalar på uteserveringa etter kl 2300. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjenanse ulempe for den som bur eller oppheld seg ved området uteserveringa er. Ved søknad om utviding av skjenkeareal til ein enkelt anledning kan det også innvilgast bruk av musikk og underhaldning etter kl 2300 ved større særskilde arrangement.

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/musikkanlegg-og-helse/Musikkanlegg%20og%20helse%20->

## 7. Gebyr

Gebyrsats for faste sals- og skjenke løyve, og ambulerande/einskild løyve er regulert i [alkoholforskrifta § 6.2](#).

Gebyrsats for ambulerande/einskild løyve blir fastsett av Helsedirektoratet.

## 8. Retningslinjer for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol

(alkoholova § 1-7a)

8.1 Skjenkestadane bør ikkje liggje i eller nær skular, barnehagar og idrettsanlegg.

8.2 Skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar:

- Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/ eller familiar med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.
- Som er tiltenkt idretts- / mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom samstundes som slik aktivitet går føre seg.
- I grunnskular og kombinerte anlegg for skule- jfr. Opplæringslova § 9-5.



- «I grunnskular og kombinerte anlegg for skule og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.»
- «Særlege høve» vert i denne samanheng definert til å gjelde: Større arrangement som går føre seg 1-2 gonger pr år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmmande.
- Tvilstilfelle av «særlege høve» skal avgjerast i utval for helse og omsorg eller av utvalsløvar dersom tidsfaktoren tilseier det.

- Skjenkeløyve i kommunale idrettshallar, med unntak av hallar som tilhøyrer kombinerte anlegg, vert berre gjeve til særskilte arrangement som er av ein slik storleik at dei ikkje kan arrangerast i andre utleigelokale i nærområdet. Alkohol kan heller ikkje takast med for nyting i slike anlegg.
- Stader som spesielt tiltrekkjer seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve.

8.3 Skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøpesenter/ butikksenter, må vera i eige skjerma lokale.

8.4 Båtar/skip kan bli tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1- 3.

## **9. Serveringsløyve**

Lov av 13.juni 1997 nr.55 om serveringsvirksomhet § 15 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55>

Som hovudregel må ein ha serveringsløyve for å utøve skjenkeløyve. Vedtak på søknader om serveringsløyve vert delegert til rådmannen.



## DEL II - Retningslinjer for behandling av alkoholsaker

### Vilkår for løyve

#### A Følgjande dokumentasjon må vera motteken før løyve kan takast i bruk

- 1 Kopi av bruksløyve frå bygningsmyndigheitene
- 2 Kvittering frå Altinn på at oppstartskjema er innsendt til Mattilsynet
- 3 Bevillingsgebyr må vere betalt
- 4 Styrar og stedfortredar må dokumentere bestått kunnskapsprøve. [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#KAPITTEL\\_5](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#KAPITTEL_5)
- 5 Dokumentasjon på at alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret så snart som mogeleg og seinast innan ein månad frå oppstart .

#### B Kontroll av sals- og skjenkestader

Det er kommunen sitt ansvar å kontrollere kommunale sals- og skjenkeløyve (alkoholova § 1- 9)

#### C Reaksjonar ved brot på alkoholova

Ved brot på alkoholova gjeld Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk kapittel 10. Alkoholforskrifta § 10-1 til § 10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter. [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538# KAPITTEL 10](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#KAPITTEL_10)

Denne ordninga er obligatorisk og kommunen er pliktig til å følgje krava i forskrifta.

Dersom det ved kontrollar eller politirapport vert rapportert alvorlege brot på alkoholova, har kommunen løyve til å inndra kommunalt sals- og skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom.

Inndraging av sals- og skjenkeløyve er heimla i alkoholova § 1-8.

## **Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune**

Vedtøken av kommunestyret i møte 25.06.2020. Endra 06.05.21 sak 053/21 kommunestyret.

Fastsett med heimel i lov av 2.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 3-7 og § 4-4.

### **Sal og utlevering av alkoholholdig drikk**

- a. Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 på kvardagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 20.00.
- b. Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse- og nyttårsaftan er salstida til klokka 16.00.
- c. Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og heilagdagar, 1. mai, 17. mai og julaftan.


### **Alminnelege skjenketider**

Skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl. 08.00 til kl. 02.00 med følgjande unnatak:


- Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00.
- Skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 3 er frå klokka 13.00 til klokka 01.00 alle dagar.

### **Opningstider:**

Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida. Konsum av utskjenka alkohol skal avsluttast seinast ein halv time etter skjenketidas slutt.



# Brann og rømningsplan for Sletta landhandleri AS





**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-F11, TI-&70  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 23.08.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval                                      | Møtedato   |
|---------|--|------------|
| 033/21  | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 30.08.2021 |
| 023/21  | Utval for helse og omsorg                  | 31.08.2021 |
|         | Alver kommunestyre                         |            |
|         | Alver formannskap                          |            |

## Overføring av ansvar for arbeidskjøring av TT-brukarar frå fylkeskommunen til kommunane

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune ber Vestland fylkeskommune halde fram med administrativt og økonomisk ansvar for ordninga med arbeidskjøring av TT-brukarar.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg samt formannskap  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Viser til skriv frå Vestland fylkeskommune jamfør vedlegg.

Brukarar som har særlege utfordringar med å kome seg til og frå tilrettelagt arbeidstilbod har fram til i dag fått arbeidsreiser finansiert av fylkeskommunen. Vestland fylkeskommune varsla i 2020 at denne ordninga skulle avviklast frå og med 2021, grunngjeve med at ordninga ikkje er lovpålagt, og at tidlegare Sogn- og fjordane fylkeskommune ikkje har eit slikt tilbod. I fjor haust protesterte fleire av kommunane på den planlagte avviklinga, og Fylkestinget valde å vidareføre ordninga ut 2021. No ber fylkesrådmannen om å få ei stadfesting frå kommunane på at ein vil vidareføra arbeidsreisetilbodet i kommunal regi frå 1.1.2022.

Arbeidskjøring organisert og betalt av fylkeskommunen har eksistert sidan 1990-talet. Pr. i dag er det berre Oslo og tidlegare Hordaland som har denne ordninga. Det er 13 kommunar i tidlegare Hordaland som per tid har denne ordninga. Alver kommune har per tid fleire innbyggjarar som får kjøring dekkja av fylkeskommunen til sitt arbeid jfr vedlegg.

### Saksopplysningar:

Då Fylkestinget handsama saka i fjor haust peika dei på at TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid, og at dette er eit avgjerande tilbod i kvardagen både for brukarane og familiare deira. Fylkestinget er opptekne av at tilbodet til denne gruppa vert vidareført av kommunane, og har bede fylkesrådmannen fylgje opp dette. Fylkesrådmannen ynskjer no ei stadfesting frå kommunane om at me vil vidareføre det fylkeskommunale tilbodet i kommunal regi.

Ordninga fylkeskommunen har med å dekke utgifter til arbeidsreise gjeld for alle med TT-kort og VTA-plass. Dei

har ikkje lovheimla plikt til dette, men har gjort det fordi det er eit behov for den einskilde som elles vil kunne få vanskar med å nytte VTA-tilbod.

At det er ein finansiert transport løysing er eit gode for denne målgruppa. Dersom fylkeskommunen ønskjer at ordninga skal bestå, så er det beste at dei sjølve held fram med dette. Dei har alle informasjon for å forvalte ordninga.

Fylkeskommunen opplyser i epost 23.08.21 følgjande om økonomi relatert til brukarar frå Alver kommune pt:

- Utgifter transport Norhordland taxi pr 2019 var kr 491 999
- Utgifter pr juni 2021 kr 194 905
- Brukara betaler eigenandel til fylkeskommune kvar mnd. Det vil sei at om du arbeider 5 dagar pr veke, blir ein fakturert kr 500 pr mnd.

Det følger ikkje med midlar frå fylkeskommune ved overføring av ansvar til kommunen.

For brukarar med kommunal tiltaksplass har kommunen vår alt ei ordning med kommunalt organisert og finansiering transport mot eit gebyr dersom det er noko reiseveg mellom heimen og lokalisering av tiltaksplassen. Imidlertid er praksis at ein får tildelt kommunal tiltaksplass nær der ein bur slik at behovet for slik transport er lågt.

Med ei endring i transportordninga i retning av ei meir generell ordning for fleire så kan ein tenke seg at fleire vil ha kommunal tiltaksplass og VTA plass andre stader enn der ein bur då transportløysinga legge til rette for det. Det kan difor tenkast at ei kommunal finansiert transportordning for TT brukarar med VTA-plasser fører til auka omfang med omsyn til å favne om brukarar med TT kort og kommunale tiltaksplassar. Ei slik utviding er ikkje urimeleg, då brukarane kan ha det same behovet for transport til arbeidsplassen sin.

Både overføring av ansvar for ordninga i dag frå fylkeskommune til kommune samt ei eventuell framtidig kommunal utviding av målgruppe utfordre kommuneøkonomi samt ressursar til sakshandsaming, administrasjon og informasjon om ordninga.

**Vedlegg i saka:**

|            |  |         |
|------------|--|---------|
| 22.04.2021 | Overføring av ansvar for arbeidskøyning av TT-brukarar frå fylkeskommune til kommunane | 1547371 |
| 22.04.2021 | Oversikt over arbeidskøyning mars 2021   | 1547372 |

---

Vår referanse 2020/54897-8  
Dato 09.03.2021

---

Kommunane



## Overføring av ansvar for arbeidskøring av TT-brukarar frå fylkeskommunen til kommunane

Hordaland fylkeskommune har i mange år hatt ei ordning der TT-brukarar som hadde VTA-plass fekk dekkja arbeidsreisa i tillegg til at dei fekk vanleg TT-kvot. Fylkeskommunen har lenge hatt ynskje om å avvika denne ordninga, ettersom den ikkje er lovpålagt, og heller ikkje er lagt inn i råmeoverføringa frå staten. Dette fekk auka aktualitet når Hordaland og Sogn og Fjordane slo seg saman, og Sogn og Fjordane ikkje hadde denne ordninga.

Det er 13 av 43 kommunar i Vestland som har TT-brukarar som er godkjent for arbeidskøring. Per no er det 175 brukarar som med i ordninga. Oversikt over tal brukarar i den einskilde kommune fylgjer vedlagt. I 2020 nytta fylkeskommunen 7,5 mill kr nto til ordninga. I eit normalår har forbruket vore om lag 11 mill kr nto. Inkludert i dette ligg inntekter frå eigendel på kr 500 per måned (ved 5 dagar arbeidsveke, 400 kr ved 4 dagar osv).

I samband med budsjetthandsaminga for 2021 vedtok fylkestinget å vidareføra ordninga med arbeidskøring for TT-brukarar med VTA-plass ut 2021. Fylkestinget peikar på at arbeidskøringa er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Fylkestinget er difor opptekne av at tilbodet til denne gruppa vert vidareført av kommunane, og har bedt om at fylkesrådmannen fylgjer opp dette. Me ber difor om å få ei stadfesting frå kommunane om at de vil vidareføra arbeidsreisetilbodet i kommunal regi frå 1.1.2022.

Det praktiske arbeidet med overføring av brukarar vil me koma attende til. Brukarane vil framleis få ordinær TT-kvot, og dei som kvalifiserer for utvida statleg TT-kvot, vil få den i tillegg.

Med helsing

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

Janne Dokken  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*

## Oversikt over arbeidskøying mars 2021

| Kommune             | Tal brukarar pr mars 2021 |
|---------------------|---------------------------|
| Bergen kommune      | 103                       |
| Askøy kommune       | 9                         |
| Øygarden kommune    | 10                        |
| Alver kommune       | 4                         |
| Bømlo kommune       | 3                         |
| Kvam herad          | 15                        |
| Kvinnherad kommune  | 3                         |
| Masfjorden kommune  | 3                         |
| Ullensvang kommune  | 2                         |
| Stord kommune       | 5                         |
| Voss herad          | 4                         |
| Bjørnafjord kommune | 13                        |
| Fedje kommune       | 1                         |
| sum                 | 175                       |



**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 20.08.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval                     | Møtedato   |
|---------|---------------------------|------------|
| 024/21  | Utval for helse og omsorg | 31.08.2021 |

## Meldingar til utval for helse og omsorg 31.08.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast utval for helse og omsorg.

### Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande melding/orientering:

- Kort status for korona/vaksinering v/kommunalsjef Leni Dale